

**SAK 15/23 SAMFERDSELSARBEID FRAM MOT NTP 2025-2036****Saksopplysing:**

Samferdsel har vore og er framleis ei høgt prioritert oppgåve for Regionrådet for Hallingdal og ei av hovudsatsingane i strategisk plan for 2022 – 2025. Det siste året har fokuset vore retta mot Nasjonal Transportplan NTP, som skal leggast fram i veke 11 og vedtakast før sommaren.

Historisk er det Regionrådet som har drive med samferdselssaker i Hallingdal. Frå 2021 har me hatt eit samferdselsutvalg nedsett av Regionrådet, men frå 2023 har det av ulike årsakar vore liten aktivitet der. Korleis me skal jobbe med samferdselssaker vart drøfta i forrige Hallingting og det vart i sak 7/23 fatta slikt vedtak:

**Vedtak:**

1. *Samferdselsutvalet i Hallingdal heldt førebels fram som i dag og skal påverke i NTP prosessen på kort sikt.*
2. *Dagleg leiar får i oppdrag å utarbeide ei sak som skal innehalde ei vurdering av kortsiktige og langsigktige løysingar på følgjande:*
  - *Behov for- og ev. finansiering av ein administrativ ressurs*
  - *Oppgåver for ei ev administrativ samferdselsstilling*
  - *Korleis skal næringsliv og organisasjonar involverast*
  - *Tverrpolitisk samansetning og organisering etter valet i haust*
3. *Saka skal behandlast i Regionrådet 26. mai 2023, før den blir sendt til kommunestyret i alle kommunane.*

Denne saka er ei oppfølging av sak 7/23 og Hallingtinget blir invitert til å vedta

1. Vidare arbeid med samferdsel og korleis skal eit ev. nytt samferdselsutval settast saman?
2. Skal me sette av ei eige stilling til samferdselsjobbing.

**Dette har skjedd på samferdsel sidan forrige Hallingting:**

25. april	Regionrådet skreiv høyringsuttale til Viken fylkeskommune
31. april	Regionrådet skreiv høyringsuttale til til samferdselskomiteen i Viken Dialog med samferdselsspolitikarar i Viken knytt til Viken sine NTP-prioriteringar
23. juni	Regionrådet blir orientert om Ringhallalliansen, eit næringslivs- og samferdselssamarbeid mellom Hallingdal og Rengerike.
30. juni	Regionrådet skreiv høyringsuttale til til Samferdselsdepartementet
21. august	Orførar i Flå og Dagleg leiar hadde møte med Samferdselsminister Nygård
8. sept	Møte Statens vegvesen og Viken Fylkeskommune om «Vegpakke Hallingdal»
29. sept	Regionrådet sette ned eit arbeidsutval for samferdsel (AUS), som ei prøveordning. AUS består av Petter Rukke, leiar, Tor Egil Buøen, Jan Olav Helling, Ole Johnny Stavn.
11. okt	Møte i AUS. Søknad til Stortinget om å få delta på munnleg høyring om statsbudsjettet Fekk avslag - AVSLAG
19. okt	Møte AUS. Regionråd sendte høyringsinnspeil til Statsbudsjettet til Transportkomiteen
2. nov	AUS jobar med komiteemerknad til Stortinget. Dialog med komiteleiar og nestleiar
16. nov	AUS møter Transportkomiteen på Stortinget

I alle høyringsuttaler har Regionrådet prioritert slik:

1. Ringeriksporteføljen
2. Vegpakke Hallingdal (Ørgenvika – Gol)
3. Fjellovergangane aust – vest (Rv7 og Rv52)

## Vurdering:

### Korleis skal eit ev. nytt samferdselsutsval settast saman?

Hallingtinget vedtok 18. juni 2021 at det skulle oppretta eit samferdselsutsval med tre repr. frå Regionrådet og tre representantar frå dei kommunane som ikkje er representerte gjennom regionrådstilknytinga. Vidare skulle det vera to representantar frå næringslivet, ein frå NHO og ein frå LO og så skulle det sikrast ein tverrpolitiske representasjon. Det er mykje som er bra med denne samansettinga, noko som kan gjerast på ein annan måte og nokon føresetnader som er endra totalt.

**Ringhallalliansen** er etablert. Det betyr at næringslivsrepresentantar frå Hallingdal og Ringerike jobbar saman om felles mål. Dei har også med seg organisasjonane NHO og LO. Dagleg leiar meiner at det ikkje er naturleg å vidareføre desse representantane i det nye samferdselsutsvallet, men at ein må sikre at det er god kontakt mellom samferdselsutsval og Ringhall.

**Endringar i NTP-prioriteringane.** NTP skal bli meir realistisk enn det har vore før. Hallingdal er heilt samde om at vår høgaste prioritet er forkorting av Bergensbanen og vår prioritet på veg er Vegpakke Hallingdal (Ørgenvika-Gol) mens me sjølvsgart framhevar fjellovergangane aust-vest som ein del av årsaken til trafikkauken på RV7. Dagleg leiar meiner at det er viktig med eit tverrpolitisk samansett samferdselsutsval, men at det ikkje nødvendigvis er viktig å ha representasjon frå alle kommunar eller at representanten sit i Hallingtinget. Det viktigaste er at representanten er interessert og har kompetanse på området. Dette er saker det er stor semje om i regionen.

**Arbeidsutval for Samferdsel (AUS)** er etablert som ei prøveordning. AUS skal arbeide med samferdselsrelaterte saker av alle slag og utgreie tiltak på kort sikt og tilrådingar på lang sikt. Dette kan vera høyringar til statsbudsjett og NTP, og påverknad mot stat, fylke og andre relevante instansar. AUS legg fram saker til Regionrådet. AUS består av Petter Rukke, leiar, Tor Egil Buøen, Jan Olav Helling, Ole Johnny Stavn. Dagleg leiar ser at AUS jobbar godt saman og meiner dei har fått til mykje påverknad mot Storting og Viken i den korte tida dei har vore i drift. Det er ikkje nødvendig med eit AUS og eit Samferdselsutsval, men AUS kan vera ein del av utvalet og kan om ønskeleg holde framdrift, halde seg oppdatert og førebu møtene i Samferdselsutsvallet.

Veg og bane er ein av dei viktigaste føresetnadene for vekst og utvikling i Hallingdal. Samferdsel må derfor prioriterast høgt også i framtida. Kampen om samferdselsmidlane er evigvarande og det er stadig fleire prosjekt som kjempar om dei same midlane. Det er derfor viktig at Regionrådet har ein viss kompetanse innan fagfeltet, at dei som jobbar med samferdselssaker er med fordi dei har interesse og kompetanse på området, og så er det er avgjerande at eit tverrpolitisk Hallingdal står samla og at næringsliv og organisasjonar er med og dreg i same retning.

### Vurdering knytt til om me sette av ei eige stilling til samferdselsjobbing.

Det er fleire som tek til orde for ei eigen administrativ samferdselsstilling i Hallingdal. Dei peiker på at samferdsel er kontinuerlig arbeid og kompliserte prosessar - eit eige fag som ein må rette ekstra fokus på. Ei slik stilling kan riggast på ulike vis, men kan ha følgjande oppgåver:

- Ha oversikt over fagområdet og aktuelle alliansar og samarbeidspartar
- Vera pådrivar for alt samferdselssamarbeid i Hallingdal framover.
- Drive påverknadsarbeid mot regjering, storting, fylke og fagetatane
- Drive informasjonsarbeid på alle nivå

Det finnes også dei som meiner at ei ikkje treng ei slik stilling og som meiner at oversikt, framdrift og noko av informasjonsarbeidet kan handterast av administrasjon i Regionrådet i dag, mens påvirkning og lobbyverksemeld, i større grad må gjerast av politisk nivå i Regionrådet/samferdeslutsval i samarbeid med administrasjonen.

## Økonomi:

I denne saka er det ikkje vurdert konkrete løysingar eller konkrete personar som kan vera aktuell inn i ei stilling og det er derfor uråd å si kva ei samferdselsstilling vil koste. Det er likevel sikkert at det vil vera behov for ein erfaren, godt utdanna person med rett bakgrunn og stort nettverk. Med eit slikt

ambisjonsnivå er det grunn til å tru at kostnaden kan ligge på mellom 1,5 – 2 mill pr. år. Langsiktig finansiering av ei slik stilling kan skje ved kommunalt spleiselag, ved at ei frir til næringslivet ved at ein nyttar næringsfondet i Regionrådet, eller ein kombinasjon av desse. Dagleg leiar har fått signal om trur det vil bli krevjande å få kommunane med på å fullfinansiere ei samferdselsstilling no.

#### Tid.

Neste NTP prosess er framskunda med eit år og skal vedtakast våren 2024. Regionrådet har allereie sendt sine prioriteringar til fylkeskommunen og departement, og me har hatt møte med transportkomiteen på Stortinget, samt avtalt neste møte. Om ein skal lyse ut ei eigen stilling, vil det truleg bli for kort tid att til å påverke denne NTP-prosessen. Eit alternativ til ein eigen fast stilling kan vera innleige av kompetanse ved behov, og heller vurdere ei eiga stilling på lengre sikt.

Dagleg leiar vurderer det slik at det både økonomisk og tidsmessig er lite realistik å få på plass ei eiga samferdselsstilling no.

#### Oppsummering:

Hallingdal må framleis prioritere samferdsel høgt. Dagleg leiar trur at samferdselsområde kan styrkast med sterke tverrpolitisk engasjement, ved ei anna organisering av næringslivet sitt bidrag, og ved tettare samhandling mellom samferdselsutval og Regionråd. I tillegg må me styrke våre gode og langsigts alliansar både med Vestlandet og med Ringeriksregionen. Dagleg leiar tilrår at det blir sett ned eit Samferdselsutval der noverande medlemmer i AUS blir med og at utvalet blir styrka med Regionrådsordføraren, ein representant frå Høgre og ein representant frå Sp – som partia sjølv vel frå sine medlemmer i Hallingdal.

#### Grunngjeving:

Solveig Vestenfor:	Rådsordførari regionrådet og Hallingdal sin representant i styret i FNB
Petter Rukke:	Lang erfaring som samferdselspolitikar og spesiell kompetanse på jernbane
Tor Egil Buøen:	Lang erfaring og kjenner alle planar i 1 byggesteg på vegpakke Hallingdal
Ole Johnny Stavn:	Erfaring frå Stortinget, kan terminologien og har eit bra nettverk
Representant frå Høgre	Ein person med interesse/kunnskap/nettverk som partiet sjølv vel
Representant frå SP	Ein person med interesse/kunnskap/nettverk som partiet sjølv vel
Jan Olav Helling	Skrivar og den som følgjer opp dagleg

#### Forslag til vedtak:

1. Halingtinget sett ned eit samferdselsutval som består av Solveig Vestenfor, Petter Rukke, Tor egil Buøen, Ole Johnny Stavn Representant frå Høgre Representant frå Senterpartiet og Jan Olav Helling
2. Regionrådet for Hallingdal vedtek følgande mandat for samferdsleutvalet:
  - Samferdselsutvalet skal arbeide med samferdselsrelaterte saker av alle slag og utgreie tiltak på kort sikt og tilrådingar på lang sikt. Dette kan vera høyringar til statsbudsjett og NTP, og påverknad mot stat, fylke og andre relevante instansar.
  - Regionrådet for Hallingdal prioritærer satsingsområder, men utvalet kjem med forslag. Utvalet rapporterer til Regionrådet ved behov og til Halingtinget 2 gonger pr. år.
3. Regionrådet går ikkje inn for å opprette ei eiga administrativ stilling på samferdselsområdet på kort sikt, men vil jobbe aktivt med samferdsel i allereie esisterande råd og utval. Ved behov kan det leigast inn eksterne ressursar for kortare oppdrag mot NTP behandlinga våren 2024

Hallingdal, 17. nov 2023

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar